

Kvamme 17.06.2020

Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Saknr. 15/858

Svar vedr mogleg ulovleg tilhøve.

Viser til brev frå 25.05.2020, der de ber om utgreiing om ulovleg sprengningsarbeid på eigedom gbnr 31/5.

Eigar av tomt gbnr 31/5 er Frode Haugsvær.

Frode Haugsvær kjøpte denne tomten som ligg i grense til utbygger i Ervikneset, og vart kjøpt for å kunne justere grensene, slik at tomtane til utbygger vart i den størrelsen som ønska i utgangspunktet.

Hensikten med kjøpet var også for å gjere det enklare å etablere slamavskiller som tok opp alle tomtane i området, slik at då kunne ein klare seg med ein stor slamavskiller mot to som var prosjektert, dette gjorde arbeidet lettere når Frode eigde denne tomten.

Frode Haugsvær Maskin AS (FHM) har stått for grunnarbeidet for veg, vatn og kloakk på dette feltet, dei har også planert tomtane som no er bygd på og den eine tomten som no er byggeklar.

Tidleg i utbygginga var det klart at når Frode H hadde kjøpt denne tomten, tok ein det opp i byggemøte at no kunne vi etablere 1 stk slamavskiller, som alle parter synest var ei god løysning. Hjelmås VVS prosjekterte då VA anlegget med å gå gjennom gbnr 31/5.

Her skulle det kanskje vore sendt inn endringsmelding/avvik, men når dette vart tatt opp i byggemøte, og seinare i møte med kommunen, var alle innstilt på å løyse det slik.

Frode Haugsvær sa seg sjølvstilt villig til at kommunen skulle få overta det arealet der trase og slamavskiller er etablert.

FHM starta då med arbeidet med å sprengje ut for trase for avløp og for å etablere slamavskiller. Dette vart etablert naturleg i bakkant av tomten, mot nabogrense, og her vart det ein høg vegg/skjæring, og mykje sprengt stein på området. Steinen som ligg på tomten etter sprengning er naturleg og beklageleg vis ikkje kjørt vekk, eller planert i området, av di det er ikkje søkt om tiltak på denne tomten.

Vil også med dette invitere til møte vedr dette arbeidet og prosessen rundt prosjektet.

Med helsing

Frode Haugsvær
Dagleg leiar
Frode Haugsvær Maskin AS